

IDEER 5. desember, 2014

Korleis Europa blei til ein union

Utfordringa for det politiske leiarskapet i EU har fram til i dag vore korleis dei skulle forankre EU-prosjektet i det europeiske folket. Luuk Van Middelaar foreslår blant anna å involvere dei nasjonale parlamenta.

The Passage to Europe: How a continent became a union

Luuk Van Middelaar

Yale University Press, 2013



Henrik Kvadsheim

Henrik Kvadsheim er universitetslektor ved Universitet i Stavanger, seniorforsker ved IRIS og leiar i Europabevegelsen i Rogaland. Twitter: @henrikkk

Bøker om EU kan ofte vere keisam og grå lesing, nesten like grått som EU-byråkratiet sjølv kan fortone seg til tider. Middelaar si bok er definitivt ikkje grå. Den kom for første gang på nederlandske i 2009 og har sidan blitt omsett til fleire språk, herunder engelsk i 2013, i takt med hyllestene frå bokkritikarane og bokprisane som den har motteke. Og la meg slå det fast først som sist: Dette er den boka du bør lese om EU, dersom du vil forstå bakgrunnen for, dynamikken i og framtidutsiktene til EU.

Middelaar er historikar og politisk filosof av fag, og har vore taleskriver og rådgjevar for Herman van Rompuy, den nyleg avgåtte presidenten av det Europeiske Rådet. Det er frå denne posisjonen Middelaar har kunne gjere seg sine tankar om EU si utvikling, og plassere konkrete hendingar inn i ein filosofisk og historisk kontekst.

Boka hans er delt i tre hovuddelar. Den første delen tek for seg *den indre dynamikken* i EU-prosjektet, medan den andre delen tek for seg korleis EU har utvikla seg som resultat av nærmast tilfeldige ytre hendingar, altså om *den ytre dynamikken*. Den tredje handlar om det politiske leiarskapet sin *søken etter folkeleg legitimitet*.

Boka kaster lys over EU si utvikling, men bidreg også til å setje den norske EU-debatten inn i eit større perspektiv. Denne har hatt ein tendens til å dreie seg om korleis vi i Norge bør organisere vårt forhold til EU, på basis av kva som isolert sett vil tene norske interesser best. Ordskiftet i samband med den nylege 20-årsmerkingen av folkerøystinga i 1994 avspeglar dette.

Middelaar har eit heilt anna utgangspunkt. Boka hans handlar ikkje om fordeler og ulemper som følgje av medlemsskap i EU. Den handlar først og fremst om korleis det europeiske fellesskapet har utvikla seg som nettopp *eit fellesskap*: Dynamikken har vore basert på ein balansegang mellom nasjonale særinteresser og ei gradvis aukande medvite om felles interesser hos deltarlanda. Og det er i dette skjeringsfeltet, der balansegangen mellom særinteresser og fellesinteresser utviklar seg, at Middelaar har fokuset sitt.

Tre sfærar

Dette fokuset utdijpar han innleiingsvis ved å skilje mellom tre ulike sfærar som dei europeiske statane har organisert si samhandling innafor, og då på basis av kva type interesser som gjer seg gjeldande i samhandlinga.

Ei type samhandling skjer i den "indre sfære" på grunnlag av det som skal vere statane felles interesser. I EU-samanheng er denne indre sfæra bestemt av og regulert av traktatane, med Kommisjonen og Europaparlamentet som dei sentrale aktørane. Ei anna type samhandling skjer i den "ytre sfæra", og er bestemt av nasjonale interesser utanfor det som treng vere felles i EU, altså på basis av landas eigne geopolitisk bestemte særinteresser.

Men det er den samhandlinga som skjer i spenninga mellom dei nasjonale særinteressene og dei europeiske fellesinteressene, "Mellomsfæra", som Middelaar er mest oppteken av i boka si.

Denne mellomsfæra oppstod i følgje Middelaar under etableringa av fellesskapet, ved at ministrane bak grunnlegginga av det europeiske prosjektet delte noko meir enn bare ein traktat, rett og slett ved å sitje ved same bord. Og frå å bare sitje ved same bord har denne "bordtilværelsen" fått noko permanent og regulært over seg, i form av det Europeiske Rådet som i dag er EU sitt høyeste vedtaksorgan. Det er her dei overordna spørsmåla, samt balansegangen mellom felles interesser og nasjonale særinteresser hos medlemsstatane blir avgjort.

Indre dynamikk

I følgje Middelaar kan den sentrale drivkrafta i utviklinga av EU-prosjektet førast tilbake til ein «bordet som fangar»-logikk. Ved at representantane frå dei seks opphavelege medlemslanda kom til forhandlingsbordet, i samband etableringa av den overnasjonale «høgare autoritet» for stål- og kullindustrien», så delte dei implisitt noko meir enn bare det å sitje ved eit bord. Dei aksepterte der og då også prinsippet om overnasjonal beslutningstaking, der dei saman utgjorde noko meir enn bare representantar for kvart sitt land.

Frå dette første steget har det skjedd ei gradvis, og ikkje alltid like planlagt, konstitusjonell utvikling av det europeiske fellesskapet. Det inkluderer ei gradvis overgang frå å basere felles vedtak på å vere samrøystes, til å akseptere majoritetsvedtak knytt til det å "konstitusjonelt" kunne fornye seg sjølv. Middelaar samanliknar ofte med utviklinga i USA, og viser til at den gradvise overgangen frå ein konføderativ union til ein union med sterke foderative aspekt over seg i EU, på mange måtar minner om korleis USA blei til i slutten av 1780-åra. Men for Europa sin del skjer utviklinga over eit større tidsrom.

Frå dette første steget har det skjedd ei gradvis, og ikkje alltid like planlagt, konstitusjonell utvikling av det europeiske fellesskapet.

Europeisk rettsorden

Den gradvise utviklinga av fellesskapet knyter Middelaar opp til ulike merkesteiner. Den store merkesteinen i utviklinga av fellesueuropeisk lovgiving fekk ein i samband Van Gend & Loos saka i 1963. "EF-domstolen" si rolle hadde så langt vore å handheve traktaten som ei mellomstatlig affære. I 1963 brakte det hollandske transportselskapet Van Gend & Loos inn ei sak for domstolen knytt til ei tollavgift dei hadde blitt pålagt, og fekk her medhald.

Medlemsstatane suverenitet og eigen jurisdiksjon over eigne innbyggjarar blei dermed for første gong utfordra i forhold til europeisk jurisdiksjon, ved at nasjonale aktørar kunne bli definert som rettssubjekt under det fellesueuropeiske lovverket i lys av traktaten. Saka var i seg sjølv ei juridisk gråson. Det var slettes ikkje gitt at Romatraktaten gav grunnlag for at "EF-Domstolen" skulle kunne overprøve den nasjonale jurisdiksjonen.

Det interessante i denne saka var såleis ikkje dommen i seg sjølv, men at statane tillét seg sjølv å bli satt til side og dermed opne opp for ein ny rettsorden basert på overnasjonalitet. Det var ikkje statsleiarnes intensjon ved traktatinngåinga, men blei likevel akseptert som eit resultat av det forpliktande samarbeidet dei hadde inngått.

Luxemburg-kompromisset

«Den tomme stol»-krisa i 1965 utgjorde ein merkestein i utviklinga av EF som ei politisk eining, og det ved at krisa bidrog til å løfte fram «Mellomsfæra» som eit politisk-formelt faktum. Den franske statsleiaren Charles De Gaulle hadde lenge vore imot å gje EF større makt på bekostning av medlemsstatane, og trakk seg i 1965 frå dei faste rådsmøta. Det skjedde etter at Kommisjonen hadde lansert eit forslag om å fjerne moglegheita for nasjonale veto. Krisa løyste seg med *Luxemburg-kompromisset* året etter, der det blei slått fast som prinsipp at overordna vedtak må ha sitt opphav i nasjonalstatane sin vilje, ikkje i fellesinstitusjonane, og at konsensus må vere norma.

Frå tidligare å oppfatte fellesskapet som noko som blei konstituert via dei felles institusjonane (som Kommisjonen) blei den underliggende premissen no at fellesskapet blir konstituert via dei konstituerande statsmaktene bak institusjonane, altså via Det Europeiske Rådet. Dermed endra også grunnlagsforståinga av Fellesskapet seg, frå å vere ein traktathandhevande institusjon til no også å bli sett på som eit politikk-konstituerande institusjon.

Luxemburg-kompromisset innebar at ikkje noko vedtak vil kunne gå imot nasjonale vitale interesser, men at det i løpet av forhandlingane påløper ei plikt på alle om å ta tida til hjelp for å nå fram til ei felles løysing. Vedtaket skulle setje ein viktig premiss for korleis statsleiarane handterer usemje.

Frå den norske mediedekninga av EU sine rådsmøter er vi vane med bruken av ordet "krise" når statsleiarane ikkje blir einige.

Frå den norske mediedekninga av EU sine rådsmøter, der statsleiarane møtes til viktige vedtak, er vi vane med bruken av ordet "krise" når statsleiarane ikkje blir einige. Men at det ikkje blir fatta eit klart vedtak mellom statsleiarane i EU-regi, er ofte meir norma enn unntaket. Og det bør bli forstått nettopp på grunnlag av denne underliggende premissa om «å ta tida til hjelp». Den same premissa om kompromissvilje og ta tida til hjelp kjenner ein også att frå andre samanhengar der EU forhandlar med uteverda. Det er på sett og vis er ein del av dei uformelle spelereglane i EU-regi.

Kompromisset om konsensus og samsrøystes vedtak skulle stå seg fram til 1985. Ifølgje Middelaar var det hovudårsaka til at det ikkje skjedde noko konstitusjonell utvikling av EF i denne perioden. Fyrst i juni 1985 skjedde det ei endring, då majoritetsrøysting indirekte blei innført via bakdøra. Den italienske statsministaren Craxi fekk statsoverhovuda til å stemme på eit rådsmøte i Milan om dei ville ha ein mellomstatlig konferanse, som skulle vurdere behovet for traktatendring knytt til innføring av den indre marknaden i EU. Dette var eit brot på den uformelle semja om å basere vedtak på konsensus, og førte implisitt til at majoritetsrøysting blei akseptert som ny prosedyre. Det førte også til at EU omsider også blei i stand til å konstitusjonelt fornye seg sjølv for første gang sidan Roma-traktaten. Dette danna deretter grunnlaget for fleire av traktat revisjonane i dei følgjande åra.

Det interessante med den indre dynamikken er ikkje bare dei konstitusjonelle endringane som skjer i EF, men korleis dei skjer. Mange av dei er ikkje planlagde, men skjer som følge av hendingar som utfordrar den tidligare konstitusjonelle praksisen i EF. Når desse resulterer i ny konstitusjonell praksis så er det fyrst og fremst fordi statsleiarane ser seg tent med å akseptere dei i fyrste omgang, eller gjer det gjennom si dobbelte rolle som både representant for medlemslandet og som konstitusjonell representant *på vegne av fellesskapet*. Det er denne vekselverknaden som oppstår gjennom Råds-medlemmene si dobbelrolle, som altså utgjer sjølv dynamikken i «bordet-som-fangar».

Ytre dynamikk

Utover den indre dynamikken som har fungert som ein indre motor på sida av traktatane, forklarer Middelaar EU si utvikling som resultat av «til dels tilfeldige eksterne hendingar». Etableringa av kull- og stålunionen var eit hopp inn i det ukjente, og for statsleiarane som tok det første steget var det temmelig uvisst kva dette steget skulle medføre seinare av konsekvensar. Middelaar peiker ut nokre ytre hendingar som har hatt ein ikkje forutsett, men likevel avgjera betyding i EU si ferd mot stadig tettare integrasjon.

Suez-krisa i 1956 spelte ei sentral rolle for Frankrike si vending mot Europa og fellesskapet. Eller som Middelaar skriv: for britane var Suez-krisa ei påminning om å ikkje gje seg ut på utanlandske eventyr utan USA sin aksept. For Frankrike var den ei påminning om at britane ikkje var til å stole på, og at dei måtte engasjere seg sterkare i Europa for å ha eit alternativ å lene seg på i forhold til anglo-amerikansk makt. Denne franske vendinga utgjorde ein føresetnad for eit sterkare nasjonalt-statlig engasjement i EF-prosjektet i lys av Roma-traktaten.

Suez-krisa i 1956 spelte ei sentral rolle for Frankrike si vending mot Europa og fellesskapet.

Perioden 1956 til 1989 var i følge Middelaar ein mellomperiode i utviklinga av fellesskapet, der fjerning av indre grenser for auka samhandel var det samlande prosjektet. Det starta med reduksjon av tollgrensene, og kulminerte med det indre marknad prosjektet som blei lansert av Jacques Delors på midten av 1980-talet. Fjerning av tollgrenser viste seg å vere utilstrekkelig for å få til auka samhandel mellom landa i EF. Ideen bak den indre marknaden var å få til ei harmonisering av felles lover og regler, for dermed å gjere den indre marknaden meir reell.

Det store tidskillet for EU var imidlertid 1989 og Berlinmurens fall, som Middelaar omtaler som "Det Europeiske jordskjelvet".

Det var i kjølvatnet av dette at unionsplanen kom opp som ein respons på at Europa no hadde fått 100 millionar nye innbyggjarar. Dette gjorde det naudsynt med politisk styrking av Europa, herunder ved å bygge sterke felleseuropæiske institusjonar, samordne den økonomiske og monetære politikken, utvikle ein felles utanrikspolitikk og ikkje minst auka den demokratiske legitimitet. Den underliggende visjonen var å bygge ein union der medlemmane skulle bære felles ansvar, og der ein også måtte legge opp til ei politisering av fellesskapet. To år etter, same året som Sovjetunionen blei gravlagt, blei den europeiske unionen født gjennom Maastricht-traktaten. Som kjent var det dette nye EU Norge gjekk til urnene for å stemme over om eventuelt medlemskap i 1994.

Terrorangrepet på Twin-Tower i 2001 var ei avgjeraende hending som førte til meir samordning på det utanriks- og tryggingspolitiske området. Hendinga synliggjorde behovet for å ha ein fast overordna representant til å tale Europa sin sak når eksterne kriser oppstår, slik vi ser at EU sitt presidentskap i dag gjer i forhold til Russland.

Middelaar si forteljing i dei to første delane av boka er sentrert rundt det Europeiske Rådet. Det er Rådet som er drivkrafta i EU-prosjektet og det er i Rådet dei store endringane med betydning for EU si utvikling, skjer. Kommisjonen og Parlamentet spelar ei mindre rolle i denne forteljinga. I dei siste åra gjennom eurokrisa har Rådet og statsleiarane fått ei endå meir framtredande rolle, og såleis styrka sin posisjon innafor EU-systemet.

Det er grunn til å stille spørsmål om korleis eurokrisa vil påverke den vidare integrasjonen i EU.

Forteljinga til Middelaar har ein klar raud tråd. Denne gjeld stadig tettare integrasjon og utviding av EU sitt politiske virkefelt, men med nasjonalstatane i førarsetet gjennom nettopp Rådet. Om tråden vil gå vidare inn i framtida, kan det stillast spørsmål ved. Forteljinga er prega av å vere skrevet i starten av eurokrisa. Det er grunn til å stille spørsmål om korleis eurokrisa vil påverke den vidare integrasjonen i EU. Vil den fungere som impuls til tettare integrasjon, eller vil den tvert i mot opne for større fragmentering? Framveksten av euroskeptiske parti og straumar i medlemsstatane kan vitne om ein viss integrasjonstrøtteleik. På den andre sida får Middelaar gjennom si forteljing nettopp fram korleis EU-systemet så langt har vist ei oppsiktstekkande evne til å handtere indre kriser, og bruke desse til å fornye seg. Det vil ikkje forundre meg om eurokrisa, når EU si historie ein gong skal bli skrevet på nytt, vil bli omtalt som nok ei krise som førte til intern fornying og tettare integrasjon.

Søken etter folkelig legitimitet

Framveksten av EU-skeptiske parti i seinare tid er ei påminning om relevansen av den tredje og siste delen i boka. Denne handlar om korleis EU har forsøkt å skape seg legitimitet eller oppslutning nedanfrå. EU var frå starten av eit ovanfrå konstruert politisk prosjekt. Utfordringa for det politiske leiarskapet har fram til i dag vore korleis dei skulle forankre dette prosjektet i det europeiske folket.

Middelaar viser til tre basisformer som kan gje truverd til ei påberoping av eit politisk mandat på vegne av folket, altså «vi europearar». Referansen er til vårt folk, til vår fordel og våre vedtak. Det gjeld:

1. *Den tyske strategien* som er basert på felles oppleving av «vårt folk»
2. *Den romerske strategien* som er basert på felles oppleving av «til vår fordel»
3. *Den greske strategien* som er basert på felles oppleving av «våre vedtak»

Den tyske strategien

Namnet «Den tyske strategien» er ei henvisning til Tyskland sitt nasjonsbyggingsprosjekt, som til tider har blitt forstått som eit historisk-kulturelt skjebnefellesskap. Det handlar om å oppnå kollektivt medvite gjennom felles kulturell og historisk identitet. Dette kan dernest bli delt som referanse av dei styrande og dei styrte.

Middelaar drøfter fleire typar forsök som EU har gjort opp gjennom tidene med tanke på å skape slik felles historisk-kulturell referanseramme og identitet, skjønt med vekslande hell.

Det varierer frå lansering av forslag til utvikling av ein felles kulturpolitikk, bruken av felles-historiske heltereferansar (Galileo, Erasmus, Charlemagne) på ymse EU-program, til etablering av felles symbol i form av logoar, flagg, hymne og pengar for å gjere EU meir synleg blant europeiske borgarar i det daglige.

Problemet er at bruken av slike referansar og symbol ofte gir større meiningsinnhald ut frå nasjonale orienteringspunkt framfor felles europeiske. Det er jo trass alt meir skilnadene i språk, historie og kultur, og minnet om den intern-europeiske rivaliseringa, som kjenneteiknar Europa, framfor identifisering med det som har bunde Europa saman.

Det illustrerer i følgje Middelaar problemet med ein politisk forankringsstrategi basert på å definere og utvikle ein europeisk identitet. Dei nasjonale identifikasjonar er langt meir kraftfulle enn identifikasjonane med det felles-europeiske. Dette har over tid resultert i nedtoning av strategien med å løfte fram dei kulturelle fellesnemnarane, og meir vekt på å fremje «mangfold» som ein verdi seg sjølv. For er det ikkje heller nettopp det kulturelle og språklige mangfaldet som er det typiske for Europa? Slagordet til EU «Together in diversity» er eit uttrykk for dette.

Dei nasjonale
identifikasjonar er langt meir
kraftfulle enn identifikasjonane
med det felles-europeiske.

Over tid har det dermed skjedd ei erkjenning av at identifikasjonskriteriene bør vere meir retta mot felles og europeisk historisk forankra verdiar og ideal, slik som demokrati og rettsstat, noko ein nettopp ønskjer å ivareta og fremme gjennom unionsprosjektet.

Den Romerske Strategien

Frasen «Den Romerske Strategien» er inspirert av Romerriket sin måte å byggje seg politisk oppslutning frå borgarane på. Det handlar om å kunne tilby borgarane – eller klientane – tryggleik, borgarrettar og ulike fordelar.

Poengset for dei styrande er å appellere til innbyggjarane gjennom fordelar og solidaritetskjensle som ein kan trekke på ved å tilhøyra ein felles funksjonelt politisk system.

Tryggleiker er noko av det mest basale politikk kan tilby borgarane. EU blei i utgangspunktet definert og oppfatta som eit fredsprosjekt. Men med åra har denne dimensjonen ved EU blitt noko mindre vektlagt hos innbyggjarane. Det skyldes ikkje minst tida som har gått sidan verdskrigen.

Dei traktatsbestemte rettane som legg til rette for rørslefridom for varer, tenestar, arbeid og kapital har vore sjølv bærebjelken i det økonomiske integrasjonsprosjektet. Dei har gjort det mogeleg for EU-borgarane til å ta arbeid i heile Europa, studere, etablere verksemder, busetje seg, reise passfritt, samt nyte godt av for eksempel retten til medisinsk handsaming i heile Europa.

Men desse rettane og fordelane har også vist seg å ha ei baksida, noko som kom spesielt til syne under eurokrisa. Retten til å ta seg arbeid i heile EU har for eksempel manifestert seg i større konkurranse om jobbar. Så i staden for «Hipp hurra, no kan vi jobbe kor vi vil i Europa», så er det kanskje meir «Skitt, no kjem polske rørleggarar og tek jobbane våre», som har fått dominere i den heimlege opinionen.

Gjensidig opning av nasjonale rettar har altså vist seg representere moglegheit for nokre, men kjelde til bekymring for andre. Og Adam Smith si usynlege hand vekkjer knappast stor applaus. Folk forelskar seg rett og slett ikkje i ein felles marknad.

Og når det gjeld velferdsgoder og andre økonomiske fordelar, så er det framleis slik at dette ligg på nasjonalstatens skulder. Det fremste ”velferdstiltaket” ein kan snakke om på europeisk nivå har vore knytt til jordbrukspolitikken, der EU har stått ansvarleg for fordeling av landbrukssubsidiar.

**Det fremste
”velferdstiltaket” ein kan
snakke om på europeisk nivå
har vore knytt til
jordbrukspolitikken**

Borgar/klient-agendaen har såleis i følgje Middelaar også vist seg å vere komplisert med omsyn til å byggje solidaritetskjensle og folkelig oppslutning. Den klassiske beskyttarrolla som Romerriket representerte har vore vanskelig å ta på seg, og EU er meir henvist til ein posisjon der dei må legitimere seg ved vise til at dei makter å levere resultat for borgarane og medlemsstatane. Og resultatet må stå i forhold til det tap av nasjonal suverenitet som mange av desse rettane og fordelane medfører.

Seinare tids regelmessige påminningar om lågare mobilpriser som følge av EU sitt press mot mobilselskapa, viser korleis dette har fått prioritet. I seinare år har også EU byrja å bruke dei faste opinionsmålingane til Eurobarometret meir aktivt for å overvake kor tilfredse EU-borgarane er med det EU leverer. I følgje Middelaar har det i seg sjølv bidrege til skape ein europeisk opinion som eit institusjonelt faktum.

Den Greske Strategien

«Den Greske Strategien» er inspirert av det athenske demokratiet og handlar om å skape oppslutning gjennom å gjere borgarane til tilskodarar og deltarar i ein felles politisk offentlegheit.

Etablering og utvikling av EU var frå starten av eit top-down prosjekt. Involvering av offentlegheita i den indre sfære av europeisk politikk, og ulike demokratiseringsinitiativ har tilsvarande vore eit top-down prosjekt der EU-politikarane først og fremst har søkt tryggare grunn å stå på.

Problemet med demokratiseringsinitiativa er i følgje Middelaar at offentlegheita i Europa ikkje er unison, men polyfonisk. Det gjer det generelt vanskelegare å fange bodskapen frå folket.

Parlamentet sin rolle illustrerer problemet. Det vert i større grad oppfatta å vere nærrare beslutningstakarane enn folket. Denne stemmen har fått større betydning i "den indre sfære", men maktar i liten grad å gripe tak i folkets røyst. Paradokset er at parlamentets makt har auka, men at folk bryr seg mindre om det. At valdeltakinga har gått jamt ned frå 63 til 43 prosent ved valet i vår, illustrerer problemet. Og veljarane stemmer ikkje med europeiske saker i bakhovudet, men ut frå *nasjonalt orienterte preferansar*.

Det har i følgje Middelaar i liten grad lykkast i å gjøre Europa til eit offentleg anliggjande. Framfor å vere eit folkets røyst har parlamentets viktigaste rolle i seinare år heller vore å politisere kommisjonen, samt overvake denne.

Middelaar er sjølv tilhengjar av at EU-prosjektet må bli meir forankra i folket via demokratiske kanalar. Han har imidlertid lite tru på Europa-parlamentet her. Derimot ser han for seg ein tokamers polyfonisk strategi, der ein større del av EU sine vedtak blir forankra i dei nasjonale offentlegheitene og parlamenta. For offentlegheitene er der allereie i Europa, men då i nasjonal samanheng. Oppgåva til EU-klubben bør i følgje Middelaar vere er å sleppe fram stemmen til dei nasjonale elektoratene, først parlamenta, dernest folka som står bak dei. Det kan for eksempel bli gjort ved å la europeiske vedtak i større grad bli diskutert i dei nasjonale parlamenta, der EU også må ha ei viss oppslutning frå desse, eksempelvis to tredjedeler, for å gå gjennom. Det er gjennom den type forankring at europeisk politikk kan oppnå den merksemde og legitimitet det treng over tid, avsluttar Middelaar med.

Middelaar er sjølv tilhengjar av at EU-prosjektet må bli meir forankra i folket via demokratiske kanalar.

Middelaar sitt forslag om å forankra deler av EU sin politikk i dei nasjonale parlamenta og offentlegheitene kan virke interessant. Det gjeld ikkje minst i lys av behovet for å imøtegå den EU-kritiske opinionen som har vekst fram i fleire av medlemsstatane i kjølvatnet av eurokrisa. Kor realistisk ei slik delegering av beslutningsansvar til dei nasjonale parlamenta er, kan det likevel bli stilt spørsmål om. EU slit allereie med å etablere tilstrekkelig handlekraft som politisk aktør, og det har samanheng med den litt tungvinde beslutningsstrukturen vi alt ser i dag.

EU og Norge

Kva så med Norge oppi alt dette? Vi er gjennom EØS-avtalen knytt sterkt opp til EU. I følgje Europautgreiinga i 2012 er vi så godt som trekvarth medlem av EU, og vi gjennomfører og knyter oss friviljug opp til mesteparten av den politikken som EU står for. I lys av dei tre forankringsstrategiane som Middelaar trekker opp, er det vel grunn til å seie at vår tilknyting til EU først og fremst er basert på «The Roman Strategy», altså fordels- og klienttilknytinga.

Norsk ordskifte om vårt forhold til EU er prega av det er dei konkrete fordelane og ulempene for oss som følge av ulike former for tilknyting til EU, som har stått i fokus. Norge og norske borgarar som deltarar i utviklinga av det felleseuropaiske prosjektet er ein dimensjon som er mest fråverande i debatten. Det gjeld både som del av forsøket på skape ei europeisk solidaritetskjensle bygd på felleseuropaisk identitet, og som del av forsøket på å forankre dette prosjektet i ei europeisk-demokratisk offentlegheit. Kanskje dette er det mest problematiske med heile det norske utanforskapskapet. For mangelen på demokratisk medverknad er ikkje bare problematisk ved at vi i Norge manglar formell medverknad. Det gjer noko med vår måte å tenke om Europa på, samt med vår forståing av oss sjølege som europeiske innbyggjarar og indirekte deltarar idet europeiske prosjektet. Vi ender opp med at diskusjonen om Europa utelukkande krinsar om eitt spørsmål: What is in it for us? Vi burde også tenke litt på kva retning vi vil at EU skal gå i: Korleis det felleseuropaiske prosjektet som også vi er ein del av, bør formast. Å lese Middelaar si bok kunne vere ein passande start for ei norsk nytenking om Europa og EU.